



Pressemelding 27. april 2021

## **Ei avdeling stengt til og med måndag 3. mai**

**Juvikstølen barnehage opnar ei av dei to stengte avdelingane onsdag 28. april. Den andre blir stengt til og med måndag.**

Barn og tilsette på to avdelingar i Juvikstølen barnehage var i ventekarantene måndag og tysdag denne veka, medan kommunen venta på prøvesvar for to som var nærkontaktar til ein med påvist koronavirus.

Den eine prøven visar seg no å vere positiv. Ein avdeling blir difor stengt til og med måndag 3. mai. Den andre avdelinga opnar att onsdag 28. april.

– Barn og tilsette på avdelinga Filosofen er no nærkontaktar til ein som har fått påvist smitte, og må halde seg heime og vere i karantene til og med måndag i neste veke, fortel styrar på Juvikstølen barnehage, Christine Teigland.

Foreldre og tilsette har fått oppdatert informasjon om situasjonen.

### **To positive prøvar måndag**

Kommunen fekk til saman to positive prøvesvar måndag 26. april. Begge er nærkontaktar til andre med påvist smitte, og var i karantene på testtidspunktet.